

September 2022

# Samhandlingsnytt

Kjære leser

Hausten er her – ein haust utan pandemirestriksjonar og alle arrangement som har ligge på vent sidan 2020 skal gjennomførast!

Samhandlingsfeltet har stor aktivitet, og lokalt i Sogn og Fjordane helsefellesskap er det strategiarbeid, prioriteringssdiskusjonar og revisjon av eksisterande avtalar mellom kommunane og helseføretaket som er i fokus. Nasjonale og lokale nettverk har treffpunkt og konferansar vert arrangerte.

Smakebitar frå noko av dette vert presentert i denne utgåva av Samhandlingsnytt.

## Nasjonalt nettverk for helsefellesskapa

Den første nasjonale erfaringskonferansen for helsefellesskap vart arrangert i Bodø 25.-26.august 2022. Samhandlingsansvarlege frå alle helsefellesskapa deltok saman med Helsedirektoratet, KS og helse- og omsorgsdepartement for å drøfte erfaringar med arbeidet i helsefellesskap så langt. Presentasjonane frå samlinga og meir informasjon om nettverk for helsefellesskap finn de [HER](#).



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

### Kontaktperson

Dagrun Kyrkjebø

Samhandlingssjef Helse Førde

## Aktuelle møtedatoar

### Fagleg samarbeidsutval

17. november

### Strategisk samarbeidsutval

30. november

### Partnarskapsmøte

Utsett til våren 2023

### Felles brukarutval

29. oktober

8. desember

## Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Regjeringa har starta arbeidet med Nasjonal helse- og



samhandlingsplan. Planen skal fremmast for Stortinget og vil avløye Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020–2023. Meldinga skal dekke både den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Samhandling for å skape gode pasientforløp og likeverdige tenester i heile landet vil vere eit sentralt tema. Meir informasjon

om dette arbeidet [HER](#).

Foto: AlexMax, iStockphoto



## Siste nytt frå

### Praksiskonsulentane

Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange baller i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpsset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidsparter i Helse Førde.

PKO i Sogn, Jan Ove Tryti, har dessverre sagt opp si stilling i Helse Førde etter mange år som praksiskonsulent. Vi takkar Jan Ove for innsatsen han har lagt ned!! Arbeidet med å finne ein erstattar for Tryti er i gang.

Hovudsida med info om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde og som gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde](#)

[Aktuelle saker – dei nyaste øverst.](#)

[PKO kalender med aktuelle samhandlingskurs aktuelle for allmennlegar](#)

### Samhandlingskonferansen

**1.-2. november 2022 på Scandic Sunnfjord Hotel og Spa**

Målgruppe: Overordna politisk og administrativ leiing i kommunane og Helse Førde. Leiarar innan helse- og omsorgssektoren, leiarar i Helse Førde, kommunelegar, leiarar i fylkeskommunen, hos Statsforvaltaren og i universitets- og høgskulesektoren.

Konferansen kjem i år til å fokusere på lokale utfordringar, rekruttering, kompetanse og utviklingsarbeid rundt dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefellesskapet.

Meir informasjon [HER](#)

**Påmeldingsfrist: 1. oktober 2022**

## Sogn og Fjordane helsefellesskap

I helsefellesskapet har fagleg og strategisk samarbeidsutval nyleg hatt haustens første møter. På agendaen stod mellom anna sak om strategi for helsefellesskapet og utarbeiding av handlingsplan med konkrete tiltak. Dette arbeidet skal det arbeidast vidare med utover hausten. Strategi og handlingsplan skal vedtakast i strategisk samarbeidsutval sitt siste møte i 2022.

Andre saker som det er arbeidd med er revisjon av prosedyren om «Bruk av følgjepersonell frå kommunen. Grunnlag for refusjon av kostnaden». Prosedyren er no godkjend og vil bli publisert i løpet av kort tid. Informasjon om dette vil bli sendt ut internt i Helse Førde og til alle samarbeidande kommunar.


Avtaleutvalet som er samansett av representantar frå Helse Førde og kommunane, arbeider med revisjon av porteføljen av samarbeidsavtalar mellom partnarane. Etter planen skal avtaleporteføljen vere klar sommaren 2023. Tydeleg informasjon om endringar i avtalestrukturen blir distribuert når dette er klart.

## Nytt frå Samhandlingsbarometeret

Helsefellesskapa; første indikator er på plass i Samhandlingsbarometeret

Eit viktig mål for Samhandlingsbarometeret er å publisere indikatorar tilpassa dei fire prioriterte pasientgruppene for helsefellesskapa.

Vi har starta med å publisere ein indikator for gruppa *Pasientar med alvorlege psykiske lidinger*. Helsedirektoratet har definert eit sett med diagnosar frå ICD-10 systemet i spesialisthelsetenesta som skal definere denne pasientgruppa.



Utklipp frå indikatoren Alvorlege psykiske lidinger under området Helsefellesskap i <https://Samhandlingsbarometeret.no>

Summen av desse diagnostane (eit gjennomsnitt av tre år) er brukt for å få fram kor mykje kvar kommune brukar av spesialisthelsetenester til behandling knytt til *Innleggingar og liggedagar i psykiatriske institusjonar, Polikliniske konsultasjonar (inkl. dagbehandling) og Private avtalespesialistbesøk*. Fordi mange kommunar har få innbyggjarar viser vi berre forbruk, og ikkje kor mange personar som har desse lidningane.

Vi ser at det er store variasjonar frå kommune til kommune i forbruk av desse tenestene. Eit sentralt spørsmål for refleksjon og vidare analysar blir då: Kva er det som gjer at befolkninga i nokre kommunar tilsynelatande har lite behov for/forbruk av spesialisthelsetenester til dei alvorleg psykisk sjuke, medan andre kommunar har eit tilsynelatande stort behov/forbruk?

### Læringsnettverket Gode pasientforløp

31.8 – 1.9 vart fjerde samling i læringsnettverket Gode pasientforløp arrangert på Alexandra hotell i Loen. På samlinga deltok 14 team frå totalt 13 kommunar og Helse Førde sine to team. Fleire av teama presenterte sine forbettingsarbeid, i tillegg var det interessante foredrag mellom anna om heilskaplege pasientforløp frå kommunehelsetenesta på Smøla og professor emeritus Anders Grimsmo presenterte ei oversikt over kunnskapsbaserte opplegg for samarbeid om skrøpelege eldre.

Foto: Kristin Tveitnes, KS

